




Bygland kommune

Driftseining Næring og Kultur



Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 Oslo

Vår ref:
2007/124-3

Sakshandsamar:
Mari Rygg
Vidar Frøysnes ☎ 37 93 47 06

Arkivkode:
C61

Dato:
30.03.2007

Høyringsuttale - bibliotekreform 2014 frå: Bygland kommune, Aust-Agder fylke

I høyringsnotatet er det brukt den same nummereringa på dei ulike forslaga og kommentarane som er brukt i "Bibliotekreform 2014".

Målområde 1. Innhald og tenester i Norgesbiblioteket.

1.1 Digitale tenester.

Blir dei digitale tenestene betre utvikla, vil det føre til mindre skilnader på store og små bibliotek. Di meir tilgang til informasjon lånarane våre får via dei digitale tenestene, di betre tenester kan dei lokale biblioteka gje tilbod om.

Felles katalogar der vi kan søke i alle norske bibliotek samtidig vil i denne samanhengen bli ein stor fordel.

1.5 Kultur- og litteraturformidling

Litteraturformidling er ein viktig del av arbeidet for alle bibliotek, både store og små, og må vidareførast.

Samarbeidet med den kulturelle skolesekken varierer veldig, men det er viktig at biblioteka finn plassen sin i dette opplegget. Lokale bibliotek har ein fordel med god kontakt med skulane (brukarane).

Alle forslag som gjeld satsing på lokalhistorie, og forslaga under 1.6. og 1.7 støttar vi opp om.

Målområde 2. Struktur og organisering.

2.1 Styrke og utvikle dei organisatoriske einingane i Norgesbiblioteket.

Vi er litt skeptiske til den såkalla konsolideringstanken.

Ikkje ein gong i heile Setesdal har biblioteka så mange årsverk tilsaman at vi fyller kravet til 6-8 årsverk. Vi meiner eit betre alternativ må vere at noverande Aust-Agder bibliotek og kulturformidling blir styrka som vårt kompetansesenter, i staden for å lage enda eit administrativt mellomledd.

Dei kunne får ein større rolle i å reise rundt og hjelpe til med spesielle bibliotekfaglege ting som dei lokale biblioteka kan mangle kompetanse på til ei kvar tid. Her kunne lokale biblioteksjefar fortsette å få tilbod om kursing og oppdatering av faglege kunnskapar.

Slik situasjonen er i dag, har vi god kontakt med lånarane og kjenner deira behov og ønskje. Vi yter god service. Om t.d. bokinnkjøp skal sentraliserast, vil innkjøpa ta lengre tid og øydelegge den fordelene vi har med raske innkjøp av dei bøkene som lånarane ønskjer seg.. Ved sentrale innkjøp, vil vi fort få like lange ventelister som på dei store bybiblioteka.

2.2 Vidareutvikling av det fysiske biblioteket

Vi vil gjerne ha gjenoppretta tilskota til nybygg og ombygging av biblioteklokal.

Men om desse tilskota skal knytast opp mot konsoliderte bibliotek, så står det i motsetnad til utsagnet om at biblioteket skal framstå som attraktive møteplassar i lokalsamfunnet.

Vi meiner altså at å oppretthalde gode lokale bibliotek er ein styrke i seg sjølv.

Fagleg utvikling og ekspertise på ulike område vil vi sjølvsagt ønskje velkomen, men ikkje om det går utover den nære kontakten til publikum.

2.3 Utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Norgesbibliotek


Det er viktig med eit felles biblioteknettverk der vi framstår som ei eining og at vi profilerer oss som ei felles merkevare for innbyggjarane i landet vårt med ein felles logo. All profilering må kunne nyttast på nynorsk, bokmål og samisk.

Med betre transportordningar og felles lånekort, vil vi kunne yte enda betre service i framtida.

Vi meiner at lokalt kan det t.d. samarbeidast om å bygge opp fagboksamlingar der dei ulike biblioteka i ein region spesialiserer seg på kvar sine fagfelt. Dette vil vere ein betre måte å utnytte ressursane på enn å ha eitt stort bibliotek i regionen.

Får vi gode transportordningar lokalt (noko det blir arbeidd med for å få til), kan denne samarbeidsforma vere betre enn å opprette meir byråkrati i store einingar.

Med helsing


Vidar Frøysnes
Stabsleiar

Bygland kommune
kulturetaten

Mari Rygg
Biblioteksjef